

Fråsegn frå årsmøtet i Høgnorskringen

Oslo, 18. februar 2011

Rettskrivingsnemndi åt Språkrådet
ved Grete Riise

og andre forvitne

Fråsegn: Til motmæle mot framlegget til ny norm

Høgnorskringen ser med uro på framlegget til ny norm for nynorsken. Tradisjonelt formverk som i-målet skal strjukast heilt frå offisiell rettskriving, samstundes som nye skrivemåtar frå bokmål skal takast inn. Hovudmandatet til rettskrivingsnemndi um å laga ei einfeld norm, er gjennomgangande fråvike – virvaret i skrivemåte og bøygning vert alt ihoplagt større en fyrr. Grunngevingane nemndi nyttar for dei ulike brigdi dei legg fram, er ymsande og vilkorlege. Arbeidsmåten leidingi i nemndi hev lagt seg på, hev vore ekskluderande og arrogant.

Fråsegni frå årsmøtet i Høgnorskringen er auka med nokre døme frå det endelege framlegget til ny rettskriving som kom etter årsmøtet, og er studd av rettskrivingsnemndi i Norskt Måldyrkingslag. Det er diverre ikkje høve til å koma inn på alle dei einskilde framleggi for skuld tidi og yversyni.

Ei einfeld norm – bruk og system

I dei fall nemndi freistar å stetta ynsket um ei einfeld norm ved å skjera ned på talet av valfrie former, er det – ofte, men ikkje stødt – dei minst nytta formene dei vil taka ut. Til sanningsvitne fører dei eit tekstkorpus frå arbeidet med Norsk Ordbok. Det er mange lyte ved ein slik kvantitativ framgangsmåte, til dømes lyt ein gå inn i dei einskilde tekstene og få vit på kvifor det er skrive slik eller slik, um det skal vera von um å få noko vitugt ut av det. Statistikk er korkje spørsmål eller svar, men ein reidskap som lyt nyttast med faglegt skyn. Nemndi motiverar ikkje kvifor det utvalde tekstkorpuset skal ha den avgjerande vekti det vert gjeve, og framgangsmåten held difor ikkje mål faglegt sèt. I dette tilfellet vil me dessutan segja at spørsmålet er gale, for det er nett det utstøde bruket i dag som hev reist ynsket um ei einfeld norm.

Bruket er problemet, og det kann då ikkje løysast ved å analysera gjengs bruk og normfesta dette – det fører ingen stad ut.

Det pedagogiske prinsippet her er at ein lærer ei norm ved å sjå henne i bruk, ikkje gjennom å lesa i ordlista. Difor hev ikkje valfridomen i bokmål vore til vande, med di ein hev havt ei operativ norm i vanlegt bruk utan hjelp av ordlista.

Løysingi på problemet med det ustøde bruket må vera å skipa eit fastare system som ein kann kjenna att – då lyt ein gjera systematiske val, ikkje statistiske.

System – typologi og samanhang

Nemndi segjer me veit for lite um kva slag valfridom som er vildrande. Men me kjenner i minsto tvo hovudtypar av valfridom i gjeldande rettskriving. Me hev typologisk valfridom, som gjeng på avbrigde i bøygningsverket og er so systematisk og greid at det rekk å nemna han i fyreordet på ordlistone – og so hev me den meir vilkorlege valfridomen i skrivemåten av einskildord, der kvart ord hev sine reglar, og der jamvel ord som er rimord i alle målføri vert handsama ulikt, slik at det er uråd å laga noko som liknar på meir ålgiengde reglar. Beint imot det ein skulde venta seg, er det den einfelde typologiske valfridomen nemndi gjeng hardast til verks mot.

Utkoma av dette vert framlegget frå nemndi (s. 66 o.a.):

<i>boka</i>		<i>fylgja</i> el. <i>fylgje</i> el. <i>følgja</i> el. <i>følgje</i> el. <i>følga</i> el. <i>følge</i> (ikkje <i>*fylga</i> el. <i>*fylge</i>)
<i>sola</i>		<i>sørgja</i> el. <i>sørgje</i> el. <i>sørga</i> el. <i>sørge</i> (ikkje <i>*syrgja</i> el. <i>*syrgje</i> el. <i>*syrga</i> el. <i>*syрге</i>)

Me meiner framlegget under er ei mykje betre løysing:

<i>boka</i> el. <i>boki</i>		<i>fylgja</i> el. <i>fylgje</i>
<i>sola</i> el. <i>sol</i>		<i>syrgja</i> el. <i>syrgje</i>

Grunngjevingi vår er desse pedagogiske hovudprinsippi, som byggjer på tanken um at lesaren skal kjenna att eit system:

Valfridomen bør vera systematisk og gjennomført, slik at det berre vert éin regel for kvart avbrigde, og ikkje listor yver ord som fylgjer ulike reglar.

Skrivemåten av ordroti bør vera éin, med di ordroti stend fast i skriftbilætet under bøygingi.

Valfridomen i endingsverket kann vera større, med di endingane skifter i skriftbilætet kor som er – dette er typologisk valfridom.

I dette tilfellet vil me difor råda til å tillata typologisk valfridom: *-a* eller *-i* i bundi form av sterke hokyn og *-a* eller *-e* i infinitiv. Det er tvo gjennomførde og typologiske valfridomar. Framlegget frå nemndi derimot hev berre éin gjennomført typologisk valfridom (*-a* eller *-e* i infinitiv), men tvo ikkje-gjennomførde valfridomar i skrivemåten av ordroti (*-y*- andsynes *-ø*- og *-j*- andsynes *-[j]*-).

Me gjer òg merksam på at det alt frå Aasen var ei uttala norm at open y kunde talast ut mest som ø. Mange gjer dette den dag i dag i ord som *kyrkja*, *byrja*, *bygd*, *sytti* osv., utan studnad i nokon eigen skrivemåte for dette.

Open y – [ɣ] – vert enno uttala serskilt i mange målføre frå Sunnmøre til Rogaland, gjerne umtala som eit ljod «millom y og u». Endå i bygder der ljodet er samanfalle med andre ljod, finst det i det underliggjande systemet ved at det er samanfalle med ulike ljod alt etter ljod-grannelaget, t.d. opplendskt *nykel* [²nyçyl] – *nyklar* [²nøkɾər].

Når nemndi skriv (s. 47) at det er uråd å laga ein regel um skiftet av y og ø ut frå talemålet, er ikkje det rett. Uttaleformene med ø er med i normi for di um normi ikkje er fonetisk og skriv y (ÿ), når som berre normi er arkifonemisk og tek umsyn til det underliggjande systemet. Det gjev dette pedagogiske prinsippet:

Ymsande skrivemåtar av ordroti bør sameinast i éin skrivemåte når denne kann talast ut på alle desse ulike måtane i samsvar med tradisjonelle type-former.


Dømi *fylgja* og *syrgja* i tavlone på fyrre sida var valde av di dei fylgjer eit mynster {-r/l}K- (der K er ein vilkorleg konsonant). Alle dei nedervde målføri våre handsamar ord etter dette mynstret likt, kvar for seg. Når normi handsamar slike ord ulikt, vert det vanskeleg for folk som nyttar målkjensla frå målføret sitt (me kjem til å sjå analoge rangformer som dei som er oppførde i klomber).

Den usystematiske valfridomen i -j- opnar òg for at folk kjem til å gjera mistak so det susar. Då er det betre å fylgja éi lina. -j- skil tradisjonelt ei rad verbpar i nynorsk, som *søkka* (*sokk*) andynes *søkkja* (*søkkte*). Dette er ein god pedagogisk regel som bør gjennomførast fylgjestrengt, soleis òg *søkking* andsynes *søkkjing*.

Når det gjeld formi (*eit*) *ynskje* som nemndi vil taka inn, kann me ikkje sjå nokon bate i å taka inn eitt einstaka inkjekynsord med utgang på -kje; det lyt anten gjelda alle eller ingi av dei sterke inkjekynsordi på -ke. Grunngevingi nemndi nyttar, at nett denne rangformi er umframnt tidgjengd, er ikkje noko ein mål-brukar kann vita noko um – dette vert ein vanskeleg regel utan system som allveg kjem til å reisa spursmålet um andre ord òg kann skrivast med -j-.

Prinsippi attum dømi i denne bolken kann gjennomførast fylgjestrengt for ei lang rad andre tilfelle av typologisk valfridom og vilkorleg skrivemåte av ord-røter.

Me byd ut nemndi til å svara på kvifor me skal vanda einfelde tradisjonelle system i skrivemåte og uttala og i staden reindyrka uyversynlege undantaks-reglar som berre gjev meining dersom ein tek utstøde i bokmål.



Ljodet [ɣ] i vokalfirkanten.

Nynorsk og bokmål

Endå nemndi gjer eit poeng av å setja upp «signalord» til skil mot bokmål, med den grunngevingi å hindra bokmålstufta nynorsktekstprodusentar i å velja bokmålsnære former automatisk, skin det klårt igjenom at bokmål framleis skal vera viktugaste rettesnori for rett og rangt i den nynorske målvegen.

Bokmålspåverknaden er skilleg i framlegget um å taka ut langformer av verb – og ei stuttform: Av verbi som no berre skal ha stuttform, *be, bla, blø, dra, ha, ta, vri* osv. (s. 161), sér me at det er former som svarar til bokmål. Det eine ordet som no berre skal ha langform, *skada*, hev no berre langform i bokmål. Etter vanlegt målførebruk er det ikkje noko serskilt med just dette ordet. Av ordi som skal ha valfri lang- eller stuttform, sér me at flestalle hev langform i bokmål: *gle/gleda, la/lada, rå/råda* osv. Dette er berrsynt ei tilmåting til bokmål, både i skrivemåte og implisitt uttala av *-d-*, og attpå til gjev det oss eit system som er uråd å læra, og som dyl samanhanget med partisippane (*takande*) og gjerarordi (*takar*).

Eit anna døme er inkjekynsformi i perfektum partisipp av verb med *Ø, d, g* eller *v* etter stavingskjernen i ordroti. Her kastar nemndi heilt vrak på det enfelde systemet i tradisjonell norsk, med gjennomført *-(d)de* i fyrrtid og *-(t)t* i supinum, og knéset i staden mange usystematiske bokmålsnære former, *bygd andynes sagt* (s. 169). Dette er rett nok ikkje gjennomført.

Endingane i fyrrtid syner same tilviket. Endå e-klassa jamt hev endingi *-de* etter *m*, vil nemndi tillata formene *bestemte* og *limte*, audsynt av di desse tvo formene er tekne frå bokmål. Når ein låner frå bokmål, kunde ein i minsto måta bøygningsverket etter systemet i nynorsk.

Like eins hev tradisjonell nynorsk gjennomført *-de* etter *r*, men dette skjer nemndi ned til eit par valfrie former, attåt undantaki *gjorde* og *torde*, venteleg. Her synest det som nemndi hev gjort ein miss, med di dei segjer at dei skal gå attende til det gamle systemet. Det gamle systemet er som nemnt med *-de*, og dét tryggjer ein regel utan undantak.

Framlegget til samsvarsbøyging, eller skorten på nokor slik, er vanskeleg å få vit på som anna en ei tilmåting til det vaklevordne systemet i bokmål, med grøtelege fylgjor for systemet i nynorsk. Det lyt soleis heita *bøkene er utgjevne*, men *bøkene er utgitt*, ikkje **bøkene er utgitte* eller **bøkene er utgjeve*. Venteleg lyt det like fullt heita *dei utgitte bøkene* so framt ein nyttar linn bøyging her. Gjennomført samsvarsbøyging er sers einfelt samanlikna med denne floken. Attpåtil kann ein ikkje vera viss på kva som er partisipp og kva som er adjektiv, slik at det opnar for former som *frosent vatn* – ikkje veit me um det skal vera lov eller ikkje.

Reknar me på skrivemåtar som skal ut or – og i sume høve inn i – normi, er mynstret tydelegt: I listone på s. 37–82 skal kring 210 nedervde tradisjonelle former ut, mot berre ein 60 bokmålsnære former, der 34 åleine er monoftongera former. Derimot skal 24 nye bokmålsformer inn, medan einast éi tradisjonell form kjem inn – *spjut* – som stadfester bilætet i di ho trengjer ut den austlege formi *spjut*, ikkje det danske *spyd*.

Grunngjevingi nemndi nyttar, er hårreisande. For attåt den gjennomgangande tilvisingi til korpusstatistikken segjer nemndi (s. 83) at sume former er «svært alderdommelege», medan andre «kjennest meir moderne». Med eit minstemål av fagleg innsyn burde nemndi vita at dei «gamle» formene er nedervde norske former, medan dei «moderne» formene er innhenta frå bokmål; det er soleis ikkje spursmål um ein yvergang frå gamalt til nytt, men eit spursmål um å halda på norskt mål eller å leggja målet sitt etter bokmål. Nedervt norskt mål hev ikkje uventa ei eldre saga i Noreg en dei danske bokmålsformene, men kva er det det skal prova?

Me saknar ei opi fyrehaving av tilhøvet millom nynorsk og bokmål. Det nynorske skriftmålet vart ikkje skipa for dei som lagde målet sitt i norskdansk leid, men for dei som vilde hava eit sjølvråde norskt kulturmål. Samnorskpolitikken er offisielt avskipa. No lyt me taka ei oppgjerd med det som vart gjort og kalla ein spade for ein spade, ikkje halda fram samnorsken under det trakasserande namnet «moderne nynorsk».

Me sér at det nemndi gjer, er å gjeva oss meir samnorsk i ny ham. Dei kastar ut tradisjonelt måltilfang og hentar inn bokmål i stor skala. Alt som heiter system, vert umlaga etter mynster av bokmål. I staden for ein samnorsk der målsetningi er full samansmelting, fær me no ein einssidug samnorsk der målsetningi er at nynorsk skal stå i eit automatiskt éin-til-éin-tilhøve til bokmål. Det er i røyndi å gjera nynorsk um til eit avbrigde av bokmål.

Offisiell nynorsk utan rom for tradisjonelt måltøvert ikkje lenger nokon legitim representant for den nynorske kulturarven.

Kulturmål eller administrasjonsmål

Skal ein hava eit kulturmål som varer, lyt ein hava eit mynster i sjølve målet, ikkje henta mynstret frå eit anna mål, og serleg ikkje frå eit nærskyldt mål. Dei tvo mynstri som finst her i landet då, er tradisjonell norsk, samansystematisera av Ivar Aasen og ingen annan sidan, og bokmål – som me i grunnen hev eit eige skriftmål til å taka seg av. Det skulde då vera tolleg greidt kva som lyt vera utstødet (um ikkje naudsynleg fasiten) for eit eige nynorskt mynster.

Fleirtalet av folk i Noreg i dag talar venteleg eitkvart blandingsmålet som ligg ein stad på skalaen millom eit nedervt målføre og bokmål. Mange nyttar fleire ulike målformer på denne skalaen, alt etter det sosiale samanhanget. Denne stoda er i røyndi ein umdialektiseringsprosess der målføre som fyrr var målføre av tradisjonell norsk, er på veg til å verta målføre av bokmål. Dette hev hendt med skotske målføre andsynes standard engelsk, nedertyske målføre andsynes standard høgtysk, oksitanske og arpitanske målføre andsynes fransk, osb.

Det gjev seg sjølv at det ikkje finst noko skriftmål som kann stetta ynsket um samsvar millom alle desse ymsande, personlege målformene på éi sida, og eit einskaplegt skriftmål på hi sida. Skal nynorsken gapa so breidt, lyt han vidgast, ikkje stramast inn. Det trur fulla korkje nemndi eller me er til bate.

I staden meiner me at nynorsken lyt stydja upp um det sereigne nynorske i møtet med bokmålssamfundet. Det sér diverre ut til at tanken um eit kultursmål er heilt i gløymeboki gjengen i denne normeringsprosessen. Me reknar med at nynorsk skal vera påbode opplæringsmål i skulen, og då er det rett og slett dette som lyt vera fremste umsyni i normeringi. So fær byråkratane fylgja etter som best dei kann. Hovudspursmålet er då kva me vil taka vare på i den nynorske målarven, som bokmål ikkje kann gjeva oss.

Då kann ein ikkje sjå seg blind på alle tréi (statistikken), men få augo upp for skogen (systemet).

Ei bokmålsnær norm som den nemndi legg upp til, vert ein representant for eit lite utval av blandingsmåli i Noreg. Den andre enden av skalaen andsynes bokmål, tradisjonelle målføre, vert då ikkje representera ved noko offisielt mål.

Me vil halda nynorsk uppe som eit eige kultursmål. Det kann berre gjerast ved å halda på dei tradisjonelle bøygningsystemi og skrivemåtane i stor mun.

Jamvel um me tek utstøde i offisiell nynorsk som administrasjonsmål, er det viktugt at normi femner tradisjonelle former, med di vanlege nynorskbrukarar ikkje er bundne av normi og kann skriva meir tradisjonelt. Byråkratane som tener ålmenta på skriftleg vis, lyt difor læra seg desse formene so dei kann gjera jobben sin ved å hava skyn på det folk skriv. Det er mindre viktugt at normi femner bokmålsformer, utbreidde bokmålsformer dessmeir, med di ein kann kjenna att desse formene frå bokmål i den mun nynorskbrukarar vil nytta deim.

Ei bokmålsnær norm som den nemndi legg upp til, undergrev dei røynelege målbruksrettane til nynorskbrukarane andsynes statsmaktene endå meir.

Um å banna ord

Nemndi vil taka ut ordet *koss*, som dei fører upp i lag med *korleis*. Men *koss* kjem av *korso*, trass i oppføring i ordlista, og me sér ingen god grunn til å tyna denne greide stuttformi.

Me går òg at nemndi vil taka ut det dei kallar «suffikset» *-vere*. Men *vera* er eit eige ord, ikkje eit avbrigde av ordet *være*. Mange nynorskskrivande filosofar hev havt godt bruk av dette ordet, som ikkje hev nett same tydingi som *være*. Me hev tolleg fri ordsamansetjing på norsk, so det høyrer ingen stad heime å banna visse samansetjingar.

Eit anna ord nemndi vil taka ut, er *avkjøme*. Nemndi meiner audsynt at dette er eit avbrigde av ordet *avkom*. Her er det atter tal um samansetjing. Skal ordet *kjøme* og alle samansetjingane med dette bannast frå norsk?

Um me fyrst skal taka til med å banna ord frå nynorsken, kann me byrja med ord frå framande mål som ikkje gjev nokon vinst i tydingi andsynes nedervde ord, so som bm. *svømme* for nn. *symja* (jf. òg nn. *svemja*) eller bm. *ankel* for nn. *okla*. Det burde gjeva seg sjølv at slike lånord frå bokmål ikkje hev noko i ei nynorsk *norm* å gjera – so fær me heller sjå med hug og blido hjarta på dei som skriv soleis av vankunna eller prinsipp.

Pedagogikk og openleik

Nemndi hev i eit upprit peika på at innspeli dei hev fenge frå netstaden dei skipa, ikkje tek umsyn til det pedagogiske. Det er ikkje rett. Me hev lese alle desse innleggi, og finn tankegangar som fylgjer pedagogiske umsyner både frå folk som er samde med oss, og frå folk som ikkje er heilt upp samde med oss. Derimot kann me vanskeleg sjå nokon pedagogikk i framlegget frå nemndi, so nær som dette eine: Lit til bokmål um du er i tvil.

Me tykkjer denne vurderingi av innspeli er usakleg og arrogant. Undra nemndi seg røyndleg yver at hovudmengdi av innspeli dei fekk frå ulike folk, tok utstøde i personlege røyndslor? Og skal dét mestsom vera ei fyrebersla for å ikkje sjå på, dryfta og leggja fram for ålmenta dei mange innspeli som trass i alt hev teke tak i prinsipielle sidor ved rettskrivingi – både med og mot det ein sjølv meiner? Eller er det slik at nemndi ikkje hev havt evna eller vilje til å skilja prinsipp og pedagogikk som vik av frå det nemndi sjølv hev lagt til grunn for arbeidet sitt?

Endå nemndi fagert lova ein «open prosess», hev røyndi vore motsett. Nemndi hev medvite halde seg burte frå ordskifte um det meir prinsipielle grunnlaget for normeringsarbeidet. Det er eit stort lyte i arbeidet med eit kulturmål.

Frå slagord til innsyn

Grunnlaget for arbeidet i nemndi var mandatet frå Språkrådet, som i stutt gjekk ut på å få til vegar ei tydeleg, stram og einfeld norm som kunde høve for folk flest. Nemndi valde heilt rett å «operasjonalisera» dette ullne mandatet (s. 32), men prinsippi dei kom fram til, var diverre ikkje stort klårare.

Nynorsken skal normerast på eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål). Dette prinsippet nyttar nemndi til å halda på og taka inn bokmålsformer, for «ubunde av bokmål» tyder ikkje anna en at ein ikkje skal tenkja på at dei kjem frå bokmål. På *eigen grunn* tyder vanleg å sjå på røtene og systemet i målet, men slike ting nyttar nemndi berre som sogetilfang til å byggja upp ein tankegang um ei «utvikling» mot bokmålsnære former i gamal, velkjend samnorskstil.

I grunnen kokar alle dei fire prinsippi åt nemndi ned til at ein skal sjå på statistikken i tekstkorpuset. Men statistikk er korkje spursmål eller svar, det er ein reidskap ein nyttar på vegen frå granne spursmål til svari på deim. I desse prinsippi finst det ingi klåre retningslinor som kann tryggja faglegt bruk av statistikk.

Me sér då òg at nemndi ikkje lit berre til statistikk i det røynglege arbeidet, men triv til ymis annan visdom når dei gjer seg upp ei meining um normi.

Ei god umsyn dei dreg fram, er vanden maskinumsetjing frå bokmål kann stella til (s. 33). Diverre nyttar dei denne tanken berre til å setja upp ei handfylling «signalord» av typen *skule*, vel attåt å styrkja diftongane i nynorsk. Det som vantar, er at dei skulde sjå på kva denne tanken hadde å segja for heile systemet i nynorsk, og for det statistiske grunnlaget nemndi styd seg so tungt på.

Ei onnor høveleg umsyn dei dreg fram, er at tekstkorpuset er merkt av normpress. Dette nemner dei under dryftingi av *-er*-endingi i hannkyn (s. 89). No er det fulla ikkje store normpresset å tala um i dette samanhanget – det er krafter som dreg i båe leider. Derimot er det mange andre målmerke som ligg under for eit ofselegt normpress; me kann trygt nemna *i*-målet. I dryftingi av *-i*-endingi (s. 94) gjer dei eit poeng ut av at den gjæve bokskrivaren Johannes Heggland gjekk yver til *-a*-endingar i 50-åri. Men no er saki den, som Heggland nemner i ein spurdage i *Fram daa, Frendar* i 1981, at Heggland, som andre, vart utsett for ein sterk måltvang frå forlaget um å skriva etter læreboknormalen. Her hev me normpress å tala um!

Det er ikkje stødt statistikken frå tekstkorpus er avgjerande heller, utan at det kjem klårt fram kva dei i staden hev studt seg på. På s. 108 les me at *mørkret* er funne 960 gonger, mot *mørkeret* berre éin gong. Likevel skal det heretter berre vera sistnemnde formi som skal gjelda.

Det er mangt som er åfått når det gjeld det faglege i framlegget frå nemndi. Når dei talar um *stum d* i høve til paret *speia – speida* (s. 60), tek dei i miss. Det hev aldri vore nokon *d* der på norsk, med di ordet kom inn som *spæja* eller *speja* i gamalnorsk og formi *speide* er frå dansk. Slike blæmor laver det med gjennom heile framlegget. Kann henda det ikkje er det allra viktugaste å halda greida på alt slikt stødt, men då vøre det fulla heller ingen grunn for nemndi til å leggja ut um det og bragla med ei målfagleg innsyn dei audsynt ikkje hev i fingertuppene? Me kann ikkje anna en å få ein tokke av at framlegget hadde sét noko annarleis ut dersom nokon i nemndi hadde sytt for greidsla i desse sysakene.

Livande tradisjon

Kvifor er *i*-målet so lite nytta i dag? Grunnen er einfeld: Det hev ikkje vore gjeve opplæring i det sidan det vart praktiskt tala forbode i 1938. Målet finst korkje i lærebøkene eller på tavlone i klasseromi. Som samfundsstoda er, vert det ikkje gjeve pengar til eit slikt mål. Mange råder seg til å leggja det burt i skuffen, endå det er deira mål.

Men i-målet er framleis nytta i ymse samanheng. Songar og salmar vert sungne på dette målet i dåp, konfirmasjon, brudlaup og gravferder. I skulane syng dei songane framleis. Og mange gjeng på folkeboksamlingane og låner bøker frå den nynorske gullalderen då flestalle bøkene var skrivne på i-mål (Vinje, Garborg, Sivle, Aukrust, Tvedt). I-målet og dei nærskyldte formene er enno i bruk munnleg millom ungdomen frå dei bygdene der dei hev høyrte heime frå gamalt. Det er eit tradisjonsrikt mål som ikkje er verdt å gjeva banesåret i dag. So lenge dei førde grunnlovi i umsetjing til nynorsk, var det i-former som vart nytta.

Det er slutt på den tidi då bøker skulde førast yver i ein «moderne» bunad når dei opphavleg var skrivne etter ei onnor rettskriving. Tolsemnd og mangfelde er komne i staden for einsrettingstrongen. Når folk talar ulikt i dette landet, toler me å sjå skriftmålet i ulike utgåvor òg. I minsto krev me det når det gjeld nedervde former.

Bokmålet liver godt med valfridom millom *makta* og *makten* og *åra* og *årene*, kvifor kann ikkje nynorsken då hava både *makta* og *makti*, *åri* og *åra* jamstelte? Slikt skapar ikkje kaos og vildring.

Me skal høgtida Aasen i 2013, um fåe år. Skal me ærleg tala ganga inn i jubileumsåret hans etter å ha kvitta oss med dei formene han lika best? Etter å ha avskipa den bygnaden han reiste, og som i dag vert lova og sett til fyredøme for målreisarar i Afrika?

Det er ein grov urett mot mangfaldet i målføri å barbera burt alle endingar på *-i* og halda *o*-endingane nede på eit minimum (augo-typen). Prinsippi attum former som *boki*, *flugor* og *ei kona* finst i fleirtalet av målføri, um ikkje nett fonetisk likt med den normfeste formi. Og den ålmenne vokalrikdomen er visseleg til stadar i større mun.

I-målet er ikkje eit daudt mål. Berre dei siste åri er det kome nye bøker på dette målet, seinast hausten 2010 på Samlaget, og masteroppgåvor er skrivne på høgnorskt i-mål. For ti år sidan kom dagbøkene til Olav H. Hauge på Samlaget, det allra meste på i-mål. Folk les dikti til Hauge og møter soleis i-målet som fyrr. Folk ven seg til å sjå eit mangslunge skriftbilæte – det er naudsynt ut ifrå den rettskrivingssoaga me hev fenge – på godt og vondt. Denne soaga kann ikkje slettast ut med eit pennestrok.

Vensamleg,

Thorgeir Holm, styresmann i Norskt Måldyrkingslag
og næstformann i Høgnorskringen,
på vegner av årsmøtet 27. januar 2011